Nr. 860.
På ...
GEM & STENERSEN A/S OSLO
10-49

R III 542

Nordhordland sorenskriverembete 2289 1951

# Skyldskifte.

Laurdag den 7. juli 1951 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Skorpenes

g.nr. 41 b.nr. 3 med skyld mark 0,17 i Meland

herad. Skyldskifte er kravt av Astrid og Betsy Skorpenes

som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene har gjeve skjønsmannslovnad, så nær

som[2]) Alle har før gjeve skjønsmannslovnad

Ved tenesta møtte[3]) For utgjevar Astrid Skorpenes

For kjøparen Kjell Rasmussen møtte faren Sigurd Rasmussen.

Dei andre som var tilsagt møtte ikkje

Mennene valde til formann Sævrin M. Håtuft

Dei fråskilde lutene av garden har desse

grensene:[4])

1. lina tek til 2 m. nord for N.V. hjørne av bnr. nr. 25 med + i berg gå 40 m i N.V. retning til + i berg, derfrå 27.5 m. i N.O. retning til + i berg, vidare 34.5 m. i S.O. retning til + i berg, og so derfrå 31 m. i S.V. retning attende til utgangstaden.

Kjøparen får rett til naustetomt like nedanfor sine kjøpte eigedom, som var semja om og

---

[1]) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova).

[2]) Har nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

[3]) Om nokon av grannane eller partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova).

[4]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova).

a 48.

påvist av seljor og godteke av kjøpar og får ein storleik på 5 x 8 m.

Seljoren godtek dette med den utpeika naustomt.

For seljarane:

Astrid Skagnes